

RANDABERG KIRKELIGE FELLESRÅD

PROTOKOLL

Styre, råd, utvalg:	Møtested:	Møtedato:	Arkiv FR
Randaberg	Menighetskontoret i	onsdag	
kirkelige fellesråd	sentrum	19.06.-24 Kl. 17.00	Møte nr. 03/2024
		OBS! Merk tida	

Til stade:

Repr. Gr. Menighetsråd	: Jakob Nærheim
Repr. Rb. Menighetsråd	: Herbjørn Vestvik
Repr. Rb. Menighetsråd	: Bjørg Sivertsen Lauvsnes
Repr. valgt av kommunen	: Jarle Bø
Repr. valgt av biskop	: Eivind Kråvik
Kyrkjevevte	: Solveig Mjølunes Hatletvedt

Forfall:

Tomas Røsbak melde forfall og Eivind Kråvik møtte i staden for.
Ann-Christin H Hjelleset møtte ikkje

SAKLISTE:

FR sak 16/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste.....	1
FR sak 17/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå 17.04.2024	2
FR sak 18/2024 Justert budsjett	2
FR sak 19/2024 Økonomiforvaltning	2
FR sak 20/2024 Godkjenning av rekneskapen for 2023	2
FR sak 21/2024 Godkjenning av årsrapporten for 2023	2
FR sak 22/2024 Oppfølging av møte ang ungdomsarbeid i Randaberg	3
FR sak 23/2024 Orienteringar.....	3
FR sak 24/2024 Eventuelt.....	3

Jakob Nærheim
Fellesrådsleder

Solveig Mjølunes Hatletvedt
Kirkeverge

FR sak 16/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og saksliste blir godkjent.

Vedtak: Innkallinga må sendast ut på e-post i tillegg til møtedato i Outlook. Elles blei innkalling og saklista godkjent

FR sak 17/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå 17.04.2024

Forslag til vedtak:

Møteprotokoll frå fellesrådsmøtet 17.04.2024 blir godkjent

Vedtak: Protokollen blei godkjent

FR sak 18/2024 Justert budsjett

Forslag til vedtak:

Det justerte budsjettet blir godkjent.

Vedtak: Det justerte budsjettet blei godkjent.

Nytt justert budsjett må leggjast fram på neste fellesrådsmøte. Då vil rådet ha oversikt over lønsutviklinga frå 2020, rekneskapen hittil i år og budsjettforslag for 2025

FR sak 19/2024 Økonomiforvaltning

Forslag til vedtak: Fellesrådet tar saka til orientering

Saka gjeld: Status – Tenestyttingsavtalen med Randaberg kommune for 2024.

Vedtak: Fellesrådet tar saka til orientering

FR sak 20/2024 Godkjenning av rekneskapen for 2023

Forslag til vedtak: Randaberg kirkelige fellesråd godkjenner rekneskapen for 2023. Underskotet på drift og investering må dekkast av ubundne fondsmidlar.

Vedtak: Randaberg kirkelige fellesråd godkjenner rekneskapen for 2023. Underskotet på drift og investering, kr 2 044 866, må dekkast av ubundne fondsmidlar.

FR sak 21/2024 Godkjenning av årsrapporten for 2023

Forslag til vedtak: Årsrapporten for 2023 blir godkjent

Vedtak: Årsrapporten for 2023 blei godkjent

FR sak 22/2024 Oppfølging av møte ang ungdomsarbeid i Randaberg

Forslag til vedtak: Det blir ikkje lagt fram forslag til vedtak. Diskusjon i Fellesrådet.

Vedtak: FR meiner at det blir viktig framover å tenka felles arbeid på tvers av menighetane, både når det gjeld ungdomsarbeid og konfirmantundervisning. På grunn av den strame økonomien vil ein ikkje tilsette ungdomsarbeidar i Grødem nå. Til hausten vil ein lyse ut ein 100% stilling som skal arbeide med ungdom i Randaberg på tvers av menighetene. FR vil invitera menighetsråda til neste fellesrådsmøte for å diskutera korleis me kan gjera ting SAMAN – ta ned kostnader og utnytta ressursane betre.

FR sak 23/2024 Orienteringar

Forslag til vedtak:
Sakene tas til orientering.

Saka gjeld:

- a) Utlysing av ungdomsarbeidar og/eller vaktmeister i Grødem kyrkje. Søknadsfristen er 6/6-24. Orientering om søkarar og ev tilsettingar.
- b) Utlysing av barne/ungdomsprest og ungdomsarbeidar i Randaberg menighet
- c) FR har fått 20 000 kr for prosjektet “Somarjobb i kyrkja”. Det er eit prosjekt kor me tilsett ungdom mellom 15-19 år i en liten stilling, 12 t/v, i sommarveke 26-31. Dre skal dei jobbe i tillegg til ein fast tilsett. Dette prosjektet er for å gjere ungdom nysgjerrige på å arbeide i kyrkja i framtida.
- d) Neste Fellesrådsmøte 24/9-24, kl 17-19 i Grødem, med eit fellesmøte med menighetsråda i etterkant av møtet.

Vedtak:
FR tar orienteringa til etterretning

FR sak 24/2024 Eventuelt

Forslag til vedtak:
Intet forslag til vedtak.

Saka gjeld:
Saker til eventuelt foreslås ved starten av møtet.

